



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Magnar Hillestad

5457 HØYLANDSBYGD

Saksbehandlar
Arne Gjellan

Tlf. direkte innval
53483129

Vår ref.
2011/4275-6

Dato
16.01.2012

UTSLEPPSLØYVE for sanitært avløpsvatn frå bu-eining på 201/15,19 som loft på garasje bygd på låvetomt. -Tom Harald og Wenche Ermland, Høylandsbygd - Delegert vedtak

Tiltakshavar: Tom Harald og Wenche Ermland, 5457 Høylandsbygd

Utslipp frå gnr/bnr: 202/15, 19

Utsleppstype: sanitært avløpsvatn frå planlagt bueining/loft over garasje på 202/15,19

Utsleppsstad: etter rensing for organisk stoff i 3-kamra 4 m³ slamavskillar vert klarvatnet ført i eksist. avløpsleidning (frå 202/19) som er forutsatt å gå til min 20 m djup i straumførande sjø.

Delegert saksnr: 2012/32

Vedtak:

Med heimel i forurensingslova § 11, 12 og 16, - og sentral forureiningsforskrift kap. 11 og 12, jmf. serleg § 12.9-11, vert søknad av 15.12.2011 om utslepp, journalført 21.12.2011, godkjend som omsøkt med delegert saksnr 2012/32, - på flg. vilkår:

Vilkår for løyvet er at:

- **avløpet vert rensa for organisk stoff i 3-kamra 4m³ slamavskillar, og at klarvatnet vert ført i eksisterande 110 mm utløpsleidning forankra på min 20 m djup i straumførande sjø**
- **bruk av eksisterande utsleppsleidning frå avløpsanlegg på 202/19 vert godkjent av eigar,**
- **eksist. utsleppsleidning vert dokumentert å vere ført ut på 20 m djup etter Kystverkets godkjenning av utlegging etter hamnelova.**

Før tiltaket kan igangsetjast, må det omsøkjast etter følgjande lovverk:

- Løyve til tiltak etter ny plan og bygningslova § 20-1. Søknaden må sendast av godkjent firma (t.d. bygge-/røyrleggjarfirma) og må omfatta ansvarsrett for funksjonane PRO/KPR og UTF/KUT i tiltaksklasse 2 og tiltakstype anlegg, konstruksjoner og installasjoner. Dersom utsleppssøknaden er i samband med nybygg (t.d. bustad/fritidshus), er avløps-anlegget inkludert i søknaden for heile tiltaket når det gjeld løyve etter § 20-1.

- Løyve etter ny havne- og farvannslov § 27 om utlegging, og ev. forlenging, av (eksisterande) utsleppsleidning til sjø vil kunne dokumenterast ved formelt løyve etter søknad, som skal sendast: Kvinnherad kommune, byggesakskontoret, rådhuset, 5470 Rosendal, jmf. at spørsmål kan rettast til Jon Harald Kjærland, tlf. 53483273.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, og sendast til Kvinnherad forvaltningskomite, Rådhuset, 5470 Rosendal.

Grunnlag for løyve

Søknaden er undertekna av Wenche Synnøve Ersland, og Tom Harald Ersland står oppført som tiltakshavar. Magnar Hillestad står oppført som ansvarleg søkjar om utsleppsløyve, og som ansvarleg rørleggar med ansvarsrett for PRO og UTF og kontroll av desse.

Det vert betalt slamgebyr på hovudbruket bnr 15 (ikkje ført på bnr 19) og på hyttenaustet til Per Otto Bjørgen på bnr 134, der klarvatnet vert knytt på felles utsleppsleidning frå hovedhuset.

I kommunens arkiv finnst det ikkje dokumentasjon på at utlegginga av sjøleidning er godkjent av Kystverket etter tidlegare hamnelov, og heller ikkje om den er lagt ut til min. 20 m djup.

Vurdering og vilkår

Utsleppssøknaden er blitt utfylt med data frå byggesaka og opplysningar om andre utslepp knytt til felles utsleppsleidning som omsøkte bueining/anlegg vert søkt kopla til. Den er såleis etter dette funnen utfyllande og teken under behandling. Utsleppsløyve vert gjeve på vanlege vilkår om rensing i 3-kamra 4 m³ slamavskillar, og godkjenning etter pbl. 20-1 for etablering av anlegget.

Då det i det kommunale arkivet ikkje finnst dokument på at eksisterande utsleppsleidning er godkjent utlagt etter tidlegare hamnelov § 8, etterlyser vi slik dokumentasjon frå søkjar eller eigar av hovedbruket (bnr 15). Dersom søkjar eller andre, t.d. Per Otto Bjørgen, ikkje kan framskaffe slik dokumentasjon, må det søkjast om utleggingsløyve, event. forlenging til 20 m djup, etter ny hamnelov § 27. Slik dokumentasjon eller nytt utleggingsløyve vert såleis stilt som serleg vilkår for at utsleppsløyvet skal kunne iverksetjast. Søknad om godkjenning av utlegginga vert å sende til kommunen v/ John H. Kjærland. Grunnen til dette kravet er at alle utsleppsleidningar skal registrerast, m.a. av omsyn til andre brukarinteresser, skipsfart, kabelstrekk mv. i same farvatn. Leidningen skal event. også forlengast dersom den i dag ikkje går ut til 20 m djup.

Merknader

Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedteke gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.

For rådmannen i Kvinnherad

Arne Gjellan
saksbehandlar

Kopi til:

- Referatsak forvaltningskomiteen
- Tom Harald og Wenche Synnøve Ersland,
5457 Høylandsbygd
- Byggsak v/ John H. Kjærland, her
- Byggsak v/ Eva Sundal, her